

SAKSFRAMLEGG

Tysnes kommune

RAMMEPLAN FOR KULTURSKULEN

Sakshandsamar: Aud Kaldefoss

Arkivsak : 17/165 -
Arkivkode: 215

... &&& Set inn vedlegga og saksutgreiinga under &&& (Ikkje slett denne lina)

http://www.kulturskoleradet.no/extension/media/260/orig/2014%2008_Rammeplan_for_kulturskolen.pdf

Vedlegg:

SAKSUTGREIING:

Bakgrunn:

Kommunestyre vedtok Prosjektrapport Tysnes kulturskule 16.06.2016 sak 16/391.

Kommunestyret bad i same sak om «at det vart førebudd ei eiga sak med tanke på å vedta Rammeplan for Kulturskulen. Planen vert inkludert i samband med rullering av samfunnsdelen i kommuneplanen».

I rådmannen sitt opphavelige saksframlegg vart det gjort ei slik vurdering opp mot rammeplanen:

«Rammeplanen er i dag ein viktig del i kommunen sitt arbeid med kulturskulen, det er også vist til rammeplanen i rapporten som no ligg føre. Rammeplanen er ikkje bindande for kommunen si verksemd så framt kommunen ikkje gjer eige vedtak om det. Det er vanskeleg å sjå noko vinst ved at rammeplanen vert formelt vedteken av kommunen.»

I praksis betyr dette at me legg rammeplanen til grunn, men den vert ikkje gjeve ein status over kommunen sine eigne planar.

Rammeplanen opp mot dagens praksis:

I forordet til rammeplanen står det:

«Norsk kulturskoleråds visjon er «Kulturskole for alle». Dette er en sentral ambisjon i oppbygging av kulturskolene. Kulturskolen skal kjennetegnes av høy kvalitet og rikt mangfold, og skal ivareta både bredde og talent.

Kulturutredningen 2014 peker på utfordringen som ligger i å løse kulturskolens sammensatte samfunnsoppdrag. Kulturskolen må også videreutvikle et større mangfold i tilbudet for å bedre rekrutteringen av barn og unge med ulik kulturell

bakgrunn.»

Dette er vi samde i og meiner at vår eigen plan støttar opp om dette. Kulturskulen er i stadig prosess med å utvida og betra tilbodet. Vi ser likevel at tal på elevar er avgrensa, og fleire av dei tilboda Kulturskulen ynskte å utvida med, måtte førebels skrinleggjast på grunn av liten påmelding.

Om kulturskulen sitt tilbod heiter det i rammeplanen at:

«Kulturskolens tilbud skal ha høy kvalitet både faglig og pedagogisk. I framtida skal kulturskolen kunne tilby større fleksibilitet i organisering av sine tilbud samt gi tydeligere beskrivelser av mål, innhold og arbeidsmåter. Rammeplanen møter disse utfordringene. Planen kategoriserer de ulike tilbudene i tre opplæringsprogram som ivaretar aktivitet, opplæring og fordypning. Det er et mål å kunne etablere tilbud av høy kvalitet innen grunnprogrammet, kjerneprogrammet og fordypningsprogrammet. Alle elever i kulturskolen skal få undervisning som er tilpasset deres interesse og forutsetninger. I tillegg til skal det utvikles lokale læreplaner for den enkelte kulturskoles tilbud.»

Vidare heiter det om kulturskulen sine mål i rammeplanen punkt 1.4 at kulturskulen skal:

- *«gi alle elever mulighet til å utvikle kunnskaper og ferdigheter i kunstfag*
- *gi alle elever mulighet til å finne og formidle egne kunst- og kulturuttrykk*
- *styrke elevenes estetiske, sosiale og kulturelle kompetanse*
- *styrke elevenes evne til kritisk refleksjon og selvstendige valg*
- *gi fordypningsmuligheter som kan danne grunnlag for videregående og*
- *høyere utdanning innen kunst- og kulturfag*
- *i samarbeid med skoleverket bidra til et helhetlig kunst- og kulturfaglig tilbud*
- *til alle barn og unge*
- *som lokalt ressurscenter medvirke til å styrke kulturell kompetanse og*
- *utfoldelse*
- *i samarbeid med kulturlivet tilby kunst- og kulturfaglig støtte til opplæring og*
- *formidling til hele lokalsamfunnet»*

Slik administrasjonen ser det, er særleg Kulturskulen ein arena der vi merkar godt at vi er ein liten kommune. Intensjonane og måla i rammeplanen er store og viktige, men ikkje tilpassa små lokalsamfunn med lite elevgrunnlag og få tilsette. På einkilde område vert planen vanskeleg å leva opp til. Nokre av måla som er lista opp ovanfor, er knapt mogleg å gjennomføra i ein liten kommune.

Tysnes kommune har i sin prosjektrapport for Kulturskulen vedteke følgjande mål for Kulturskulen i Tysnes under punkt 5 – Visjon og mål Tysnes Kulturskule:

«Kultur er kult!»

Visjon: *Tysnes kulturskule – gode kulturelle verdiar i Tysnes*

Mål:

- Tysnes kulturskule skal vere eit synleg lokalt ressurscenter for musikk og kulturfagleg arbeid i Tysnes kommune.

- Tysnes kulturskule skal gje eit frivillig, meiningsfullt og vedvarande opplæringstilbod innan ulike kulturfag med vekt på barn og unge.
- Tysnes kulturskule skal gje elevane høve til å oppleve meistring gjennom uttrykk og formidling, ut frå den einskilde sine føresetnader.
- Tysnes kulturskule skal legge til rette for tverrfagleg samarbeid og samhandling.
- Tysnes kulturskule skal vere ein aktiv bidragsytar til eit rikt og variert kulturliv i kommunen «

Rammeplanen set også ein del mål og kompetansekrav for tilsetjing i kulturskulen som truleg kan vera krevjande for kommunen å innfri fullt ut:

*«For tilsetjing i undervisningsstilling skal det normalt kreves:
Høyere kunstfaglig utdanning i utøvende og/eller skapende kunstfag, tilpasset undervisningsoppgavene for stillingen. Som minimum kreves tre års kunstfaglig utdanning. Krav om praktisk pedagogisk utdanning gjelder alle.*

Alternativt:

*Faglærerutdanning med minimum 120 studiepoeng kunstfag
Skoleeier kan i særlege tilfelle tilsette søkere som ikke tilfredsstillter disse kravene dersom tilsvarende realkompetanse kan dokumenteres. «*

Administrasjonen har i lag med kulturskulerektor sett på tilhøva rundt personale i Kulturskulen. Dei fleste lærarane jobbar nokre få timar i veka i Kulturskulesamanheng. Då let det seg sjeldan gjera t.d. å tilsetja lærarar med fleire års spesialutdanning. Desse timelærarane må gjera dei ulike oppgåvene som føl med stillinga, når dei er her. Det vert vanskeleg og kostnadskrevjande med ekstra møter i ulike samanhengar, så her må ein tenkje kva som er føremålstenleg og mogleg å gjennomføra. Dersom Tysnes kommune skal ta opp i seg krava i rammeplanen fullt ut må me truleg søkja ulike samarbeidsløysingar knytt til Kulturskulen, eventuelt å leggja Kulturskulen ut gjennom vertskommunesamarbeid eller tilsvarende.

Vi meiner og at tilhøva rundt felles læringsmiljø for elevar og lærarar vil betra seg når utbygginga av mellomtrinnet med tilhøyrande kulturskulefasilitetar er på plass.

Rådmannen synes at «Rammeplan for Kulturskulen» er eit godt dokument og er brukt/vil bli brukt som rettleiing i høve til arbeidet i Kulturskulen. Det likevel ikkje som tenleg at planen vert formalisert gjennom eige vedtak. Planen er omfattande og legg til grunn mykje større einingar og oppdelingar enn det vi kan få til her. Den kan fort låsa oss opp i rammer rundt opplegget i Kulturskulen som ikkje vert mogleg å gjennomføra og vanskeleg å styra etter. Vi ser difor ingen vinst i at Rammeplanen vert formelt vedteken.

... &&& Set inn saksutgreiinga over &&& (Ikkje slett denne lina)

INNSTILLING FRÅ RÅDMANNEN:

::: &&& Set inn innstillinga under &&& (Ikkje slett denne lina)

Rammeplan for Kulturskolen vert lagt til grunn for drift og utvikling av Kulturskolen, planen vert fråvike der dette er ønskjeleg eller turvande ut frå lokale tilhøve.

::: &&& Set inn innstillinga over &&& (Ikkje slett denne lina)